

## Korleis du som tilsett skal gå fram dersom du er uroleg for eit barn, ein ungdom eller ein familie?

Modellen «Trygge barn» fokuserer på at tilsette skal bli gode på å sjå og følgja opp barn, unge og familiar ein er uroleg for. Dette kan være barn som lever i familiar med rus- og/eller psykisk helse utfordringar. I den digitale, interaktive modellen «Trygge barn» finn du relevant informasjon og verktøy som vil vere til nytte i arbeidet ditt. Modellen er bygd opp med ein sirkel for kvart av dei tre nivåa: kommune, etat og individ, og skal vere brukarvennleg. Meld tilbake til prosjektgruppa om du har innspel til forbetringar.

Det er ulike situasjonar og symptom hos barn, unge og familiar som gjev grunnlag for uro. Er du som tilsett/fagperson uroleg, er du pålagt å følgja dette opp for å sikra at dei det gjeld får den støtta og hjelpa dei treng. [Frå bekymring til handling](#) gjev deg informasjon og råd til vidare handling av situasjonen du står i.

Dersom barnet/ungdommen har føresette eller sysken som er alvorleg sjuke, har helsepersonell i kommunen ei plikt om å sikre at barna får den informasjonen og støtta dei treng. Sjå [Pårørendeveileder](#) og [Helsepersonellova kap 2, §10a og b](#)

Dersom den det gjeld har kjende helserelevante utfordringar og får oppfølging av fleire tenester, kan det vera aktuelt med koordinator og individuell plan.

### **Kontaktinformasjon for aktuelle tenester for born, ungdom og familiar i Ørskog kommune**

- Helsestasjon nr 70 27 36 90
- Leiande helsesjukepleiar nr 480 30 464
- Skulehelsetenesta nr 480 30 464
- Psykisk helseteneste nr 70 16 59 76
- Storfjorden PPT nr 70 16 59 60
- Storfjorden Barnevern nr 70 24 40 31 / 919 11 966
- Alarmtelefonen nr 116111
- Årøyhaugen barnehage nr 70 16 59 57
- Lande Fus barnehage nr 976 45 757
- Ørskog skule nr 70 16 59 50
- SFO nr 948 11 247
- Koordinerande eining nr 70 16 59 00

**NB:** Ved mistanke om vald eller overgrep skal du ta direkte kontakt med Politi 112 eller Storfjorden barnevern 70 24 40 31/ 919 11 966 eller alarmtelefonen 116 111